

VESTLANDSUTSTILLINGEN 23

31. MARS - 30. APRIL 2023

SAL 1 og SAL 2

Når kunst blir til, er det i kraft av å vere ei djupt personleg grunnforskning i korleis kunstnaren ser og fortolkar verda og menneskelege erfaringar. Det er også her vi som åskodarar kan erfare kunsten, det er eit møte, ein observasjon og ein invitasjon til å sjå eller sanse gjennom kunstnaren si visuelle utsegn. Forslag og tesar vi i ulik grad kan kjenne oss att i. Nyansar og perspektiv som skaper ny meining eller utfordrar det vi kanskje tek for gitt. Slik kan ein sjå ein likskap mellom kunsten og grunnforskninga innafor andre fagfelt der den kulturelle grunngevinga vert fundert i at ho gjev oss ny kunnskap om oss sjølve og omgjevnadene våre og slik bidreg til å utvikle kulturen og samfunnet vårt.

Kurator Heidi Rødstøl oppmodar deg til å møte kunsten med deg sjølv, ditt blikk og dine egne refleksjonar. Velkomen inn!

Om kurator

Heidi Rødstøl (f. 1973) er kurator for Vestlandsutstillingen 2023. Ho er biletkunstnar, konsulent og kurator basert på Åfarnes i Møre og Romsdal. Rødstøl har utdanning frå Kunsthøgskolen i Bergen. avdeling kunstakademiet. I den kunstnarlege praksisen sin interesserer Rødstøl seg for rom, og korleis relasjonar i rommet vert sansa og fortolka. Dette har resultert i ulike seriar av arbeid der ho utforskar og undersøker spesifikke situasjonar gjennom tredimensjonale teikningar, måleri, installasjonar og foto. Rødstøl har hatt ei rekkje oppdrag som kunstfagleg prosjektleiar for kunst i offentlege rom, og har vore juryleiar for Nordnorsken i 2018. Ho har vore knytt til Kunstfagskolen i Ålesund, der ho mellom anna har undervist i 3D og romleg kunst.

Om Vestlandsutstillingen

Vestlandsutstillingen er den eldste landsdelsutstillinga, og vart for fyrste gong vist på Bergen Kunstforening i 1922. Det har heilt sidan starten vore ei juryert gruppeutstilling med fri innsending. I byrjinga bestod juryen av 5 kunstnarar som var valt av biletkunstnarorganisasjonane, men har sidan 1998 bestått av 1-3 inviterte kuratorar. Formålet med utstillinga er å arrangere ei årleg utstilling med verk av kunstnarar som har tilknytning til Vestlandet. Utstillinga skal vise frem samtidskunst av høg kvalitet som speglar den vestlandske kunstscena ut mot resten av landet.

Hjarteleg takk til Rogaland Fylkeskommune, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Vestland fylke for støtte til utstillinga.

Formidling

Onsdag 19. april kl. 11:00

Kunstpause – gratis omvising i utstillinga

Vaffelsøndag

Søndag 2. april og søndag 23. april kl. 12-17 står nydelege vaflar, kaffi og te på menyen i museumskafeen.

Opningstider

tirsdag-lørdag 12-15, søndag 12-17.

Mandag lukka.

www.haugesund-kunstforening.no

Kunstnarar og Verksliste

Grethe Unstad (1959 Noreg)

1. Mellom blå og blå, 2021/22, kaseintempera på bomullslerret, 100 x 400 cm, NOK 92 000,-

Unstad har gjennom heile sitt kunstnar-skap arbeidd med fargar. Fargane sin relativitet, korleis dei påverkar kvarandre og blir definerte av kva kontekst dei står i. Fargeflatene verkar i eit samspel der dei vekslar mellom å røre seg i rom og flate, der dei understøttar kvarandre sin funksjon. Både dei figurative og abstrakte arbeida handlar om maleriske problemstillingar der form, rom og flateproblematikk og fargemøter vert utforska med ulike verkemiddel. Sentralt er og persepsjon og korleis vi les og oppfattar det visuelle. Små, nesten umerkelege forskyvingar i valørar er ofte sentrale i arbeida hennar. Fargane vert påverka ikkje berre av dei fysiske bestanddelane som pigment og blandingsforhold, men og av omgjevnadene, romma og lyset. Såleis blir det tilsynelatande avgrensa prosjektet nærast ei uendeleg utforsking der små forskyvingar får avgjerande tyding for vår persepsjon og oppleving av det vi ser. Ved å få oss til å

sjå, og leggje merke til, dei små nyansane utfordrar Unstad vår persepsjonelle hang til skundsame konklusjonar.

Bent Erik Myrvoll (1969 Noreg)

**2. Skredvatn, 2022, kalkmaling av brent norsk jord på treplate, 60 x 24 cm + 60 x 120 cm + hylle med pigment i reagensrør
NOK 55 000,-**

Bent Erik Myrvoll jobbar i spenningsfeltet mellom tradisjonelle teknikkar som fresco og stuccolustro til foto og performance. Fargane sin materialitet og eigenart står sentralt i arbeidet hans. Gjennom ei årrekke har han samla jord og mineral frå konkrete stader i landet. Det knuste og sikta råmaterialet blir brent i opne tønner og tradisjonsomnar for kalk-brenning. Slik tek pigmenta opp i seg ekstra karbon. Denne karbonfangsten gjev fargepigmenta ein ekstra fysisk dimensjon, med heilt unike fargeklangar. Myrvoll har bygd opp ei stor samling av fargepigment som kan sjåast som eit abstrahert fargekart over ulike landskap. I verket *Skredvatn* brukar han brente pigment frå Skredvatn i Telemark til å attgje staden pigmenta vart henta frå. Med dette synleggjer han måleriet sine bestanddelar og foreinar landskap, jord og bilete.

Christopher Jonassen (1978 Noreg)

3. Ogna, tysdag 30.juni kl. 08.32, 2020

4. Utsira, onsdag 7.juli kl. 13.14, 2020

5. Stavanger, søndag 20.juni kl. 17.32, 2021

Tre fotografi (Archival pigment print), á 100 x 70 cm, NOK 25 000,- pr. stk.

Prosjekta til Christopher Jonassen er fotografiske undersøkingar av menneskelege handlingar. Han er oppteken av å skildre enkle kvardagslege fenomen på nye og uventa måtar. Ved eit tilfelle oppdaga Jonassen at kameraet han nytta var defekt. I staden for å forkaste kameraet, har han halde fram med å nytte det til å dokumentere livet og omgjevnadene sine. Trass i manglande eller korrupte data på filene, nyttar han ulike biletvisningsprogram til å avlese dei. *Image not found* er ein serie der motiva er eit resultat av dei visuelle uttrykka som oppstår som følgje av denne nedbrytinga og retolkinga av informasjon. Prosjektet undersøker kva rolle teknologi av visuell avbilding

spelar i vår samtid. Fotografiet som representasjon, dokumentasjon og sanning blir utfordra når det teknologiske grunnlaget brest.

Eleonore Griveau (1994 Frankrike)

6. Valeur limite, 2021, stål, pleksiglas, Arduino, Co2-sensor, vibrerande motor, PC-monitor, høgbrente porselens-ark, 40 x 60 x 100 cm pr. modul, á NOK 35 000,-

Tittelen på verket referer til Lauscaux hula i Frankrike, kjend for sine paleolittiske holemåleri. Berghola vart etter si oppdaging ein populær turistattraksjon. Menneska sitt nærvære, og karbondioksid og fukt frå pusten deira førte etterkvart til så stor skade på måleria at hola vart forseгла og avstengt i 1963. Verket består av metall-konstruksjonar der tynne keramiske ark ligg lagvis på topplata. Sensorar måler Co2 verdien i rommet, og i takt med aukande besøkstal vil plata som arka ligg på byrje å vibrere, og dei skjøre keramiske arka vil sakte smuldre opp. Griveau er oppteken av kjensla av tap som kan oppstå frå endring eller nedbryting av naturlandskap eller kulturarv.

Victor Guzman (1987 Chile)

7. As we recall home (2), 2022 teikning på papir, 120 x 100 cm. NOK 65 000,-

8. As we recall home (10), 2022 teikning på papir, 84 x 59 cm. NOK 35 000,-

9. As we recall home (9), 2019 teikning på papir, 59 x 84 cm. NOK 35 000,-

Teikningane i serien *As we recall home* er fabulerande utforskingar av eit hus, eller ein heim, der eigne minne og erfaringar står sentralt. Kva gjer noko til ein heim og kor tid kjenner vi oss heime ein stad. Guzman tek utgangspunkt i sitt chilenske opphav og ein oppvekst i ein familie der tv-sendingar frå heimlandet vart ei tilflukt og gav ei kjensle av å vere heime i eit nytt land. Ei kvar orientering føreset eit fast punkt, for å leve i verda må ein konstituere den, etablere eit senter ein kan orientere seg ut frå. Kanalen Tv-Chile vart eit trygt visuelt og språkleg samlingspunkt i stova og i livet. Kjerna i dette prosjektet handlar om leiting etter tilhørslse og korleis denne søkinga påverkar individuelle- og kollektive minne.

Kunstverkene selges som de er. I tillegg kommer 5 % lovfestet kunstavgift.

Kristine Sandøy (1982 Noreg)

10. *Rør med hjartet*, 2022, mobil skulptur av stål, rustfritt stål, stein og bergkrystall, 180 x 197 x 30 cm, NOK 236 000,-

Sandøy jobbar med ulike variasjonar av metall, tre, stein, tekstil og readymades med fokus på korleis tyngdekraft skaper rørsle, balanse eller ubalanse i tredimensjonal form. Ho er oppteken av ein interaksjon mellom den som ser og det som blir sett. Konstruksjonen står i spenn og kviler på små marginale punkt, der berre små rørsler i rommet er nok til å utfordre den skjøre balansen og setje skulpturen i rørsle. Relasjonen mellom verket, rommet og åskodaren blir påtakeleg og opnar for undring. Kva usynlege krefter er det som får ei balanserende form til å røre på seg utan direkte fysisk påverknad? Skulpturen blir som ein Cliffhanger -som skaper ein vedvarande spenningsfylt situasjon som held merksemda vår fanga.

Klara Sofie Ludvigsen (1983 Noreg)

11. *Teststripe II*, 2020, analogt fotografi med opphengslist i heiltre eik, 250 x 127 x 2,5 cm, NOK 38 000,-

12. *Stilleben*, 2022, analogt fotografi m/ramme av heiltre valnøtt og refleksfritt glas, 61,5 x 49,5 cm., NOK 12 000,-

13. *Klut*, 2022, analogt fotografi m/ramme av heiltre valnøtt u/glas, 52,5 x 42,5 cm NOK 10 000,-

Ludvigsen arbeider med analogt fotografi i stor-format. Eit sentralt tema for arbeidet hennar er korleis me oppfattar form og figurasjon i det fotografiske språket. Ludvigsen sin metode, er mellom anna å improvisere i mørkerommet og med dette bryte med den samforståtte framkallingsprosessen frå eit negativ til eit fotografi. Vi er i dag vane med at bilete kan manipulerast digitalt, Ludvigsen gjer denne inngripinga i mørkerommet der ho klipper, skjer og byter om på visuelle verdiar. Sanninga i Ludvigsen sine fotografi er med dette ikkje den objektive avbildinga av motivet, men tilsynkomninga av den prosessen som skjer i mørket, og i spennet mellom fotografering og utprinta fotografi. *Neon Notid* kan gje assosiasjonar til stilleben eller plansjar, men i kraft av vekslinga mellom improvisasjon og fotografisk handverk ber dei likevel på ein tvil og eit brot med det vi forventar.

Marit Helen Akslen (1971 Noreg)

14. *Losing Eden: Landslide*, 2021 maskinsaum på tekstil, 180 x 330 cm NOK 95 000,-

Akslen sine tekstile arbeid er i hovudsak abstrakte og lågmælte. Gjentakning, mengde og bindingar er sentrale element i hennar formspråk. Ofte tek ho i bruk eksisterande objekt, som ho dekonstruerer og set saman til nye strukturar og narrativ. Tekstilane speglar ofte politiske eller miljømessige tema som urett, oppløysing og øydelegging. Dei seinaste verka hennar tematiserer klimakrisa og menneska sitt overforbruk av naturen. På VU viser ho eit av tre verk i serien *Loosing Eden*. Desse arbeida tek for seg kvart sitt landområde påverka av global oppvarming. *Landslide* viser til permafrostkratera i Sibir, som blir danna av oppvarminga av metangass under overflata. Massive hol med sand og jord som renn nedover kan sjå vakre ut, medan dei kan oppstå brått og med ein valdsam styrke. *Losing Eden* er sydd saman av oppklippte blendingsgardiner, og viser med sin stillfarne brutalitet til naturkrefter ute av kontroll.

Magnhild Opdøl (1980 Noreg)

15. *Made with complete sorrow*, 2020 blyant på papir, 21 stk. á 39,5 x 30,5 cm. NOK 15 000,- pr.stk. m/ramme NOK 315 000,- samla

Opdøl sine arbeid omhandlar tema som dauden, naturen, verdssystem og representasjon. *Made with complete sorrow* er ein serie blyantteikningar av ugras. Uønskte vekster som manglar ein stad å høyre til eller ein openberr nyttefunksjon for oss. Desse plantene etablerer seg på stader menneska har forlate, som gamle industriområde og nedlagde vegar og tunellar. Naturen inntek sakte men sikkert desse stadene, og i front for denne gjenerobringa står ofte dei plantene vi definerer som uønskte. Opdøl har samla og teikna ugras ho har funne i sitt nærrområde. Dei detaljerte og vare teikningane løftar fram vekstane, men som i den klassiske stilleben-tradisjonen er dei og ei påminning om dauden og det forgjengelege.

Masoud Alireza (1985 Iran)

16. *United*, 2022, papir, grafitt, magnet og metallwire, 1000 x 150 cm, NOK 99 000,-
Dekonstruksjon av teikning der materiala sine ibuande eigenskapar, moglegheiter og avgrensingar er sentrale tema i Alireza sine arbeid. På VU viser han ein teikna installasjon der karbonmetta papir er spent opp med magnetkraft. Verket framstår som lett og sjevande, men samstundes urovekkande som ein flytande mørk materie som inntekt rommet. Grafitten har trengt inn i sjølv strukturen til papiret, og fjernar med dette eit kvart uttrykk frå overflata. Papiret er med dette ikkje lenger eit medium for representasjon, men transformert til romleg materialitet. Med dette ynskjer Alireza å gje åskodaren ei førspråkleg estetisk oppleving.

Daniela Bergschneider (1986 Tyskland)

17. *Oriri*, 2022, farga nylontøy, porselen, knyteteknikk, 3 skulpturar på hhv. 200 x 80 x 90 cm/ 240 x 70 x 70 cm/ 180 x 80 x 80 cm, NOK 150 000,- vert seld samla
Prosjektet utforskar tilhøvet mellom det tekstile og det keramiske materialet. Skulpturane kan minne om hybride skapningar, både dyriske, antropomorfe og abstrakte. Dei består av handlaga keramiske element svøpt i mjuk og fleksibel nylon. Medan det til dels blottlagde porselenet gjev assosiasjonar til knoklar og bein, kan tekstilet som omsluttar dei minne om eit mjukt hudlag. Elementa er gjentekne som om dei er i vekst, noko som kan minne om celledeling eller ei form for mutasjon. Skulpturane befinn seg ein stad mellom kontroll og kaos, det kjende og det ukjende. Inviterande og trugande på same tid. Materiala kan med sine taktile kvalitetar vekkje eit ynskje om å røre ved arbeida og med det oppstår eit spenn mellom auge og hand. Eit rom som åskodaren må fylle med eigne erfaringar og førestellingsevne.

SAL 2

Vilde Salhus Røed (1981 Noreg)

18. *Spurven*, 2022, video-installasjon: to videoar og lydspor i loop. Pris etter avtale
Salhus Røed jobbar med fotografi som linse og verktøy for å undersøke våre førestillingar, minne og oppleving av kva som er verkeleg. Ho nyttar fotogrammetri som teknikk for å skape nye landskap og animere digitalt i 3D. *Spurven* er ein installasjon beståande av to videoar med voice-over. Videoessayet tematiserer menneskelege erfaringar gjennom teknologi, og hovudperson forflyttar seg i eit udefinert landskap der overgangane mellom terror, tryggleik og hobby er uklåre. *Verket* reiser på poetisk vis spørsmål kring teknologi i høve til grenser, politisk kontroll og regulering av lovverk for overvaking og informasjon. Samstundes tematiserer verket korleis vi tolkar røynda gjennom historier og kollektive minne, fantasi og kunstig intelligens. Kunstnaren synleggjer korleis personlege narrativ vert knytt til eit kulturhistorisk og samfunnspolitisk bakteppe.

Robert Carter (1987 Storbritannia)

19. *Notes on Dad*, 2020, HD video, 8,02 min. Oppl. 5, 1 for sal, NOK 7 000,-
Gjennom fleire år har Carter dokumentert livet til familien sin i England. I videoen *Notes on dad* kombinerer han sine eigne tekstar og refleksjonar med eit mobilopptak der han og systema vaskar og ryddar faren sin bustad. Visuelt er det tilsynelatande den prosaiske reingjeringsprosessen og dynamikken mellom søskena som er i fokus, medan det gradvis kjem til syne kva slags bakanforliggende krefter som har drive fram eit slikt forfall. Eit forfall som siv gjennom veggane som ei vondt lukt, og i form av søppel og egedelar som flyt ut og veks ut av proporsjonar. I små glimt ser og høyrer vi kunstnaren sin far der han ligg på sofaen, og mellom rot og søppel dukkar det opp eit foto av ein ung mann med ein smilande gut på armen. Vis meg dine etterlatenskapar og eg skal seie deg kven du er, seier forteljarstemma. Carter sin video er personleg innsirkla og ei undersøking av korleis livet i ein familie har blitt forma av, og gravitert kring, faren sin alkoholisme.